Tips oss
Onsdag 8. juni 2016
Os&Fusaposten
Søk
Logg inn
Bli abonnent

&NYHENDE &FOLK &KULTUR &SPORT &DEBATT OS & FUSA TV FOR ANNONSØRAR KUNDESENTER E-AVIS



*Espen Rognsvåg er strålande nøgd med å ha fått ein kapasitet som Håvard Austevoll til Os Orienteringsklubb.*

# Sterk nysignering for Os OK

Os Orienteringsklubb veks seg stadig sterkare. Nyleg fekk Espen Rognsvåg med seg kameraten Håvard Austevoll.

**Kenneth Svenningsen** kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Publisert 07.06.2016 kl. 14.56.

Den nyutnemnde sportslege leiaren av Os Orienteringsklubb er glad for å ha styrka klubben med ein såpass sterk løpar.

- No gjeld det berre å læra han å orientera, skjemtar Rognsvåg.

- Åh, eg er no ikkje så verst til det heller. Eg slo no deg på siste etappen under Kompisstafetten på Gullbotn i helga, repliserer ein lattermild Austevoll.




*Nikolai Pontoppidan var Os OK sin yngste utøvar.*

## Gode treningspartnarar

Kalandseidet-guten Austevoll har i mange år vore blant dei beste motbakkeløparane i sin årsklasse her på Vestlandet. I mange år har han trena mykje med fleire i Opptur Motbakkeklubb. I tillegg har han altså trena ein del med kompisen Espen.

- Det er kjekt å få Håvard med i klubben. Han kjem til å springa for oss ein gong i blant. Det set me stor pris på, seier Espen.

Men litt sporadisk vert det. Spesielt etter at Austevoll snart gjer siddis av seg.

- Eg har kjøpt leilegheit i Stavanger, men kjem nok ofte til å vera heimom i gamletraktene - ikkje minst for å konkurrera litt, smiler Austevoll.




*Espen Rognsvåg og Håvard Austevoll i den 15 km lange skogsløypen på Gullbotn.*

## Ung og eldre

I helga gjorde han ein fin debut då Os OK stilte med heile tre lag i Kompisstafetten på Gullbotn.

- Det var ein ny milepåle for klubben. Det var mange som var imponerte over at me stilte med så mange, fortel Tommy Sævareid i Os OK.

Totalt 15 var dei. Beste Os-lag vart nummer 17. Deretter følgde Os 2 på 24. plass, medan Os 3 vart nummer 26.

- Det var fem etappar på kvar utøvar, med 15 km i luftlinje og monaleg med høgdemetrar å klatra inne i skogen. Vinnarar vart Gular sitt førstelag, fortel Sævareid.

Han fortel at det var stor skilnad i alder på Os OK sin yngste og eldste deltakar.

- Det er 60 år mellom Nikolai Pontoppidan som er yngst og Rolf Nord som var eldstemann. Det må ein seia er eit bra aldersspenn, konstaterer Sævareid.